

**14-åringane vann 5-0**

01.08.2010

**Gutar 14 har også hatt ein effektiv og god start under Norway Cup. Dei sigra 5-0 over Bardufoss i dag etter å ha leia 3-0 ved pause.**

**Det er 6 frå Uskedalen med i mannskapet og uskedelingen Johannes Taranger sette inn to av måla - begge i 2. omgang,**

Tidleg i kampen stod Håvard Krossøy for ein kjemperedning og få minuttar etter tok Rosendal leiinga. Hans Fredrik Zimmer sende eit perfekt frispark til Sondre Eskeland, som nikka i mål.

Rosendal hadde fleire kjempesjansar i minutta etterpå og Anders Moss laga 2-0.

Mål nummer 3 i denne omgangen var eit langskot frå Sondre Eskeland, som gjekk mellom beina til keeper.

Også i den andre delen av kampen var det Rosendal som stort sett hadde spelet.

**Gutar 13 tapte 1-0 for Bossmo & Ytteren**

Av Ola Matti Mathisen